



Notat

Dato: 13.06.2014
Arkivsak: 2014/17695-1
Saksbehandlar: nilgrud

Til:	Samferdselsutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Oversikt over kjelder for luftforureining i Bergen - Tiltak for å betre luftforureininga på kort sikt - Svar på oversendingsforslag i samferdselsutvalet


På møte i samferdselsutvalet 19.03.14 tok representanten Silja Ekeland Bjørkly (H) opp følgjande:

«Syner til rapportar om luftforureining i Bergen i åra framover. Kan det finnast tiltak utover det som Skyss har skissert på kollektivsida for å betra på situasjonen på kort sikt. Ber om å få oppdatert oversikt over kjeldene for forureininga.»

Kjelder for luftforureining i Bergen

Luftforureining i byar og tettstader har endra karakter og samansetning. På 1960-70-talet var luftforureininga dominert av utslepp frå fyringsanlegg og industri. Frå starten av 1980-åra tok biltrafikken gradvis over som den viktigaste kjelda til dei lokale luftforureiningane i byane, og i dag er utsleppa frå biltrafikken heilt dominerande.

Luftforureininga i Bergen er først og fremst NO₂ (nitrogendioksid) og svevestøv (grovfraksjon PM₁₀ og finfraksjon PM_{2,5}, som i hovudsak skriv seg frå høvesvis biltrafikk og vedfyring). Under følgjer ein oversikt over NO_x – utsleppa (NO₂ og NO).



Sjølvs om NO_x-utsleppa (NO₂ og NO) frå bilar har gått kraftig ned dei siste åra, så har ikkje NO₂-konsentrasjonane i lufta gått ned. Dette skuldast at NO₂-andelen av NO_x-utsleppet frå nyare dieslbilar har auka, og at andelen dieslbilar har auka.

Tiltak for å betre luftforureininga på kort sikt

Representanten Silje Ekeland Bjørkly spør etter tiltak for å betre luftforureininga på kort sikt utover det som er lagt fram i «Miljøstrategi for Skyss».

Tiltak ved akutt luftforureining

Fylkesrådmannen viser til at dei geografiske og meteorologiske tilhøva i Bergen gjer at det alltid vil vere dårlegare luftkvalitet i periodar med inversjon så lenge det finns utslepp til luft. Når det vert varsla inversjon på vintrane på kalde og tørre dagar vil ei samarbeidsgruppe som består av Statens vegvesen, Politiet, Hordaland fylkeskommune, Skyss, og ulike avdelingar i Bergen kommune bli kalla inn for utveksling av informasjon og iverksetting av tiltak. Det er varsel knytt til helseisiko som vert lagt til grunn for innkalling av samarbeidsgruppa.

Dei tiltaka som har vore mest fokusert på i Bergen er datokøyning. Veka 8. januar-15. januar 2010 var det ein ekstrem inversjonssituasjon i Bergensdalen, og datokøyning vart sett i verk fredag 15. januar. Over bompengeringen gjekk trafikktiltala ned med ca. 18 %. Med bakgrunn i vervarslingane om kraftig endring av veret vart datokøyningen fjerna fredag midnatt. Generelt kan det bemerkast at datokøyning ikkje er målretta nok sidan ordninga ikkje er retta mot dei mest forureinande køyretøya. Lovheimel for bruk av datokøyning er no nedfelt i «Forskrift for midlertidig trafikkregulerende tiltak for kommunal vei, riks- og fylkesveger ved akutt luftforureining, Bergen kommune, Hordaland».

Av andre tiltak som kan iverksettast på kort sikt er gode informasjonstiltak før inversjon vert ein realitet. Det er inngått avtale med Meteorologisk Institutt om varsling om eventuell inversjonssituasjon 5 dagar før den kan inntreffe, slik at ein har noko tid til å gå ut med informasjon og varsel om eventuelle restriksjonar.

Utviding av kollektivtilbodet vart sett i verk i den kritiske perioden i 2010, men det er begrensa kor store bussreservar ein har til disposisjon for slike situasjonar.

Ekstra reingjering av innfartsårene til Bergen vert gjennomført før situasjonar med inversjon, og dette vert gjennomført saman med strøing av magnesiumklorid for å binde svevestøvet.

Meir permanente tiltak mot luftforureining

Bergen hamn

Hordaland fylkeskommune er Lead Partner i eit EU prosjekt kalla Clean North Sea Shipping (CNSS). Gjennom dette prosjektet har det vore mogleg å dokumentere kva dei einiskilde kjeldene i hamna bidrar med av forureining. Løysinga på forureining frå båtar i hamna er landstrøm. Med eit slikt miljøtiltak vil ein kunne redusere utsleppa av NO_x og svoveldioksider (SO_x) frå fartøy i hamna med 90 %. Det må og nemnast at CNSS har sett på utsleppa til luft i heile nordsjøområdet. Det mest effektive tiltaket for skip i overfart vil vere å få flest moglege fartøy over på flytande naturgass (LNG).

Utfordringa med landstrøm er m.a. at mange fartøy ikkje er rigga for landstrøm. Dette gjeld f.eks mange eldre cruiseskip. Gjennom CNSS har ein funne at 35 % av forureinga frå hamna kjem frå offshorefartøya. Dei fleste av desse fartøya er klare til å kunne koplatt til landstrøm. Bergen og Omegn Havnevesen (BOH) viser til at dei som første hamn i Norge vil etablere anlegg for landstrøm for offshoreskip i løpet av året. BOH viser og til at dei i juni 2014 i samarbeid med Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune, BKK og Gasnor vil starte opp med eit prosjekt for å arbeide vidare med resultatane frå CNSS og utvikle miljøplan for Bergen hamn.

EL-bil satsing

Staten, fylka og mange av kommunane rundt i landet har satsa på å gjere det enkelt og attraktivt å kjøpe og bruke el-bil gjennom m.a. avgifts- og parkeringspolitikken. I tråd med Klimaplanen for Hordaland 2014-2013 gjekk Hordaland fylkeskommune våren 2014 ut med tilbod til burettslag og kommunar i Hordaland om økonomisk støtte til etablering av ladestasjonar.

Sambruksfelt

Bruken av sambruksfelt på 4-felts vegar inn mot storbyane er eit av virkemidla som kan nyttast for å få ned privatbilbruken og få fleire til å nytte kollektivtransport og samkøyring og dermed redusere forureinande utslepp til luft. Første sambruksfeltet i Bergensområdet var på Flyplassvegen der 3+ vart innført som prøveordning i januar 2008 og permanent som 2+ i 2009. Det var også utprøvd sambruksfelt i ein kortare periode på søre og vestre innfartsåre. Etter fleire år med utgreiingar og høyringar gav Statens vegvesen, Vegdirektoratet løyve til at det frå hausten 2014 vert innført forsøk med samkøyringsfelt på høgre felt av E 39 (Fjøsangervegen) mellom kryss med Straumevegen og kryss Kanalvegen.

Lågutslippsoner med miljødifferensierte gebyr

Bergen kommune har i fleire år tatt opp med sentrale myndigheiter å få innføre lågutslippsoner med miljødifferensierte gebyr. Dette vil då vere bompengeneinnkreving som er meir retta mot dei ulike utsleppskjeldene. Eit slikt tiltak vil truleg gje ca. 10 % reduksjon i trafikken. Til no manglar ein lovheimlar til å innføre ei slik ordning.

Katalog over tiltak innan klima, støy- og luftforureining

TØI har saman med Statens vegvesen, Transnova og Tempo i 2014 laga ein tiltakskatalog med tiltak m.a. innanfor klima, støy og luft. Innanfor kvart tiltaksområde vert det lista opp mange ulike tiltak. For tiltak for betre luft sjå: http://www.tiltakskatalog.no/?cv=693&do=linked_pages&word=Luft&wid=28224